

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-124
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 27.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
110/20	Alver formannskap	12.11.2020
	Alver kommunestyre	

Økonomiske måltal og handlingsreglar Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet innstiller følgjande til kommunestyret:

1. Økonomiske måltal for Alver kommune vedtas:

Område	Mål	Budsjett 2020 per 2. tertial	Framlegg budsjett 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
Netto driftsresultat	3 %	-2,8 %	*)	0,1 %	1,5 %	1,9 %	2,2 %	2,5 %	3,0 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %	9,8 %	*)	7,6 %	9,8 %	12,2 %	14,6 %	15,0 %	15,0 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%	110 %	*)	104 %	102 %	99 %	96 %	93 %	90 %

*) Måltall for budsjett 2021 er i samsvar med rådmannens framlegg til budsjett og økonomiplan av 17.11.2020

1. Måltal for 2021 vert vedteken i samsvar med rådmannens framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2022 – 2024 av 17.11.2020.
2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
 - a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
 - b. Dersom netto renteberande gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
 - c. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

Alver formannskap 12.11.2020:

Behandling:

Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 110/20 Vedtak:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Saksutgreiing:

Den nye kommunelova inneheld ein lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunens økonomi. Ny kommunelov inneheld ikkje klare føringar til kva måltal som skal nyttast, og kommunen må sjølv definere gode og relevante måltal. Måltala skal bidra til å synleggjere økonomiske prioriteringar på ein enkel og lettfatteleg måte.

Frå intensjonsavtalen av 8.juni 2016 for den nye kommunen kjem følgjande visjon fram: «Alver kommune skal være ein heilskepeleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.» Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane kvar for seg. For å få til dette, er det avgjerande at Alver kommune på sikt har ein berekraftig økonomi.

For å klare å styre Alver kommune inn mot eit berekraftig økonomisk nivå må vi ha tydelege mål å jobbe mot. Måla skal på sikt sikre kommunen naudsynt økonomisk handlefridom til å handtere framtidig trong for tenester, og ha reserver til å handtere ein uføresett auke i utgifter eller reduksjon i inntekter samt sikre gjennomføring av strategiske satsingsområder.

Den økonomiske situasjonen til Alver kommune er krevjande og det er avgjerande at vi i den kommande økonomiplanperioden 2021-2024 klarer å gjennomføre betydelege innsparingstiltak for å nærme oss dei økonomiske måltala.

Måltala som vert vedteke for Alver kommune er mål vi må jobbe systematisk for å oppnå, og dei økonomiske handlingsreglane er verkemidlar for å bidra til at vi på sikt skal klare å oppnå måla.

Alver kommune bør ha måltal for følgjande område:

- Netto driftsresultat
- Storleik på disposisjonsfond
- Netto renteberande gjeld med renteesponering i prosent av frie inntekter

Alver kommune bør ha økonomiske handlingsregler for følgjande områder:

- Reglar for budsjetterte innsparingar
- Reglar for nye investeringar og låneopptak
- Reglar for når eit økonomisk mindreforbruk eit år skal kunne disponerast

Følgjande måltal og handlingsregler gjeld for Alver kommune:

Måltal for Alver kommune:

Område	Mål	Budsjett 2020 per 2. tertial	Framlegg budsjett 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
Netto driftsresultat	3 %	-2,8 %	*)	0,1 %	1,5 %	1,9 %	2,2 %	2,5 %	3,0 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %	9,8 %	*)	7,6 %	9,8 %	12,2 %	14,6 %	15,0 %	15,0 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%	110 %	*)	104 %	102 %	99 %	96 %	93 %	90 %

*) Måltall for budsjett 2021 er i samsvar med rådmannens framlegg til budsjett og økonomiplan av 17.11.2020

Handlingsreglar for Alver kommune:

1. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenestoområde.
2. Dersom netto renteberande gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
3. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

I det følgjande vert nøkkeltala nærmare omtalt. Hensikta med økonomiske handlingsreglar og nøkkeltal er mellom anna å sikre ei langsiktig og strategisk styring av Alver kommune.